

Jamm aktivitet i idrettslaget

30.01.2011



Bjarte Døssland (i midten) sluttar som leiar av idrettslaget. Her er han flankert av skrivars Bjarne Lilleaas og leiar av fotballgruppa Jostein Hauso

I året som gjekk var det jamm og flott aktivitet i alle undergruppene.
Dette var hovudkonklusjonen i årsmeldinga frå styret i Uskedalen
Idrettslag som var presentert for årsmøtet på Solheim i kveld.



Ny i styret - Ingunn Myklebust

Der gjekk Bjarte Døssland (leiar), Johan Henrik Lyse (styremedlem) og Elisabeth Sæle (styremedlem) ut av styret og dei vart erstatta av Ingunn Myklebust, Janne Yri og Alf Eidsvik junior. Styret skal konstituera seg sundag 18. februar.



Ny leiar av turngruppa - Therese Haugland

I fjor konsentrerte styret seg særleg for å få ei grundig registrering av alle medlemmer og dette arbeidet er nær ferdig. Målet er å få på plass eit medlemsregister som gjer det mogeleg å senda automatiserte kontingentkrav og andre meldingar. Det er også naudsynt i samband med sentral registrering, søknadar og anna. Når det er ferdig, er det viktig å halda det oppdatert.

Årsmøtet ville behalda same kontingen for vaksne og barn - 500 og 300 kroner. Men det er no også opna for støttemedlemskap på 100 kroner for ikkje-aktive og for ein familiekontingen på 1.300 kroner.

Det har vore problematisk å halda Heio fintrimma gjennom sesongen då det har vore problem med klypparen. Spar Heio Cup vart berga ved hjelp av kommunal slåtteinnsats og no ventar laget på endeleg svar frå kommunen om meir varig hjelp. Under årsmøtet vart også AFA nevnt som eit alternativ, men møtet meinte kommunen var det beste.

Hovudstyret har også stått for andeløp og sykkelrebus og halde dugnad på bakkane ved grusbanen. Økonomien er nesten like god som i fjor og årsresultatet lyder på 23.932 kroner mot 26.666 i 2009.

Heio Cup kunne rekneskapsførast med 120.848 kroner i inntekt sist haust mot 78.473 kroner året før. Også Solfjelløpet var ein suksess og har eit stort potensiale. Derfor er det å finna på terminlista også år, men blir flytta ei helg tilbake fordi enkelte er engasjerte både i aktivitetsdagen og løpet.

Medan volleyballgruppa blir lagt ned blir det no oppretta ei eiga klatregruppe under idrettslaget - leia av Bjørn Olav Tveit, Thomas Eide og Endre Myklebust. Ansvaret blir dermed ført over frå styret for Aktivitetshuset og det er skjer ikkje minst av sikkerheitsgrunnar.

Ein nyheit i ski- og friidrettsgruppa er friidrettstreninga på Heio for aldersgruppa frå 8 til 16 år.

Fotballgruppa har hatt møte med SPAR og drøfta eit vidare samarbeid enn det som så langt har hatt med Heio Cup å gjera.

Årsmeldinga frå turngruppa fortel at det har vore 111 deltagarar til sammen i partia.
Idrettsskulen, step og aerobic toppar statistikken med 28, 20 og 20.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen